

Kor var Uskedal Idrettslag?

11.02.2011



Idrettslaget har nyleg hatt årsmøte og her er (frå venstre) fotball-leiar Jostein Hauso, avgående leiar Bjarte Døssland og skrivar Bjarne Lilleaas. (Foto:Ola Matti Mathisen)

**I dag var det idrettskonferanse med 60 deltakarar på Husnes, som ein viktig start av førebuinga til arbeidet med kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet. Den skal gjelda heilt fram til 2020.**

**Representantar frå mange idrettslag og grupper var på plass, men fleire stilte spørsmålet:  
Kor er Uskedal Idrettslag?  
Dei glimra med sitt fråvær.**

Det er mange aktuelle idrettsspørsmål i Uskedalen som det kunne vore sagt noko om på konferansen, blir det påpeika. Her er nokre av dei, som er trukke fram for uskedalen.no:

- \* Kommunal eller privat drift av av grusbana?
- \* Kva med Aktivitetshuset og drifta av det i framtida?
- \* Manglante kommunal stønad til idrettsanlegg i Uskedalen.
- \* Merka turstiar i fjellet.
- \* Aktiviteten - kva kan gjerast for å auka den ytterlegare?

Desse og andre spørsmål burde etter fleires meining vore drøfta og blir det vel også i tida framover.  
Uskedalen er godt representert i planarbeidet, men førebels er det altså ikkje tilfelle med idrettslaget.

Av Ola Matti Mathisen